

## **Industristatistikk 2007**

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har framfor alt referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg vert det gitt ei kort oversikt over hovudresultata. Serien omfattar òg Statistisk årbok

© Statistisk sentralbyrå, februar 2010  
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen  
skal Statistisk sentralbyrå givast opp som  
kjelde.

ISBN 978-82-537-7743-6 Trykt versjon  
ISBN 978-82-537-7744-3 Elektronisk versjon  
Emne: 10.7

Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	
Desimalskiljeteikn	,

## Forord

Publikasjonen inneholder årleg statistikk for bedrifter i næringane bergverksdrift og industri, samt ein oversikt over korleis statistikken vert produsert og forklaringsar av viktige omgrep og kjennemerke i statistikken. Statistikken gjer mellom anna opplysningar om talet på bedrifter, sysselsetting, produksjonsverdi, tilarbeidingsverdi, lønnskostnader og investeringar, med fordeling etter næring, sysselsettingsgruppe og fylke.

Den årlege industristatistikken gjer fyst og fremt detaljerte strukturtal for industrien. Dette krev både lang innsamlingstid og lang tilarbeidningstid. I tillegg til den årlege industristatistikken vert det utarbeida ein rekke månads- og kvartalstal (månadleg produksjonsindeks og omsetningsstatistikk, kvartalsvis investerings-, ordre- og lagerstatistikk og konjunkturbarometeret) som ved fyste gongs publisering i Dagens statistikk gjer svært aktuelle opplysningar for industrien.

Hovudtal for bergverksdrift og industri vert publisert i Dagens statistikk på Statistisk sentralbyrås internetsider, [www.ssb.no/sti](http://www.ssb.no/sti).

NOS Industristatistikk 2007 er òg tilgjengelig på internett.

Førstekonsulent Julie Margrethe Slensvik har stått for arbeidet med publikasjonen, med bidrag frå rådgjevar Geir Soland og rådgjevar Nils Petter Skirstad. Ansvarleg seksjonsleiar er Lise Dalen McMahon, seksjon for industristatistikk.

Statistisk sentralbyrå,  
Oslo/Kongsvinger, 18. desember 2009

Øystein Olsen

---

Nils Håvard Lund

## Innhold

<b>1.</b>	<b>Bakgrunn og formål .....</b>	<b>6</b>
<b>2.</b>	<b>Om produksjon av statistikken .....</b>	<b>6</b>
2.1.	Omfang .....	6
2.2.	Utval .....	6
2.3.	Datakjelder .....	6
2.4.	Datainnsamling.....	7
2.5.	Oppgåvebyrde.....	7
2.6.	Kontroll og revisjon.....	7
2.7.	Utrekningar.....	7
<b>3.</b>	<b>Omgrep, kjennemerke og grupperingar.....</b>	<b>8</b>
3.1.	Definisjon av dei viktigaste omgrepna .....	8
3.2.	Definisjon av dei viktigaste kjennemerka.....	9
3.3.	Næringsgrupperinga.....	13
<b>4.</b>	<b>Feilkjelder og uvisse .....</b>	<b>13</b>
<b>5.</b>	<b>Samanlikningar og samanheng .....</b>	<b>13</b>
5.1.	Samanlikningar over tid og stad .....	13
5.2.	Samanheng med annan statistikk .....	14
<b>6.</b>	<b>Kvar ein finn statistikken .....</b>	<b>14</b>
6.1.	Internett-adresse .....	14
6.2.	Språk (bokmål/nyorsk, engelsk).....	14
6.3.	Publikasjonar.....	15
6.4.	Lagring og bruk av grunnmaterialet.....	15
6.5.	Annan dokumentasjon.....	15
<b>7.</b>	<b>Nokre hovudresultat .....</b>	<b>15</b>
7.1.	Sysselsetting .....	15
7.2.	Produksjon og verdiskaping .....	17
7.3.	Inntekter og kostnader.....	18
7.4.	Bruttoinvesteringar .....	19
<b>Vedlegg A .....</b>		<b>52</b>

## Figurregister

1.	Sysselsette i industri og bergverk. 1998-2007 .....	15
2.	Sysselsette i grupper for bedriftsstørrelse. Industri og bergverk. 1998, 2001, 2004 og 2007.....	16
3.	Sysselsette i de ulike fylka. Industri og bergverk. 1998 og 2007 .....	17
4.	Tilarbeidingsverdi per sysselsett i ulike næringsområde. Industri og bergverk. 1998 og 2007.....	17
5.	Inntekter. Industri og bergverk. 2007 .....	18
6.	Kostnader. Industri og bergverk. 2007 .....	19

## Tabellregister

1.	Hovudtal for bedrifter i industri og bergverk 1972-2007 .....	20
2.	Sysselsette i bedrifter, etter næring. 1998-2007 .....	21
3.	Hovudtal for bedrifter etter næring.1998-2007 .....	22
4.	Hovudtal per sysselsett for bedrifter i industri og bergverk 1998-2007 .....	29
5.	Hovudtal for bedrifter etter næringsundergruppe. 2007 .....	36
6.	Sysselsette i bedrifter i industri og bergverk etter fylke. 1998-2007.....	43
7.	Hovudtal for bedrifter i industri og bergverk etter fylke. 2007.....	44
8.	Sysselsette fordelt på fylke og næring. 2007 .....	45
9.	Tilarbeidingsverdi for bedrifter i industri og bergverk etter fylke. 1998-2007.....	47
10.	Inntekter og kostnader for bedrifter i industri og bergverk etter sysselsettings- gruppe. Millionar kroner. 2007.....	47
11.	Inntekter og kostnader for bedrifter i industri og bergverk. Millionar kroner. 1999-2007. ....	48
12.	Inntekter og kostnader for bedrifter i industri og bergverk etter næring. Millionar kroner. 2007 .....	49
13.	Sysselsette og bedrifter etter sysselsettingsgruppe. 1998-2007.....	51

## 1. Bakgrunn og formål

Industrisektoren er ein av dei viktigaste produksjonssektorane i samfunnsøkonomisk samband. Det er difor eit stort behov for ei allsidig og detaljert industristatistikk. Planleggarar, politikare og leiare av private og offentlege bedrifter og interesseorganisasjonar har nytte av statistikken i sitt arbeid. Eit pålitelig oversyn over samansettinga av og utviklingstrekka for norsk industri er òg svært viktig for debatten om økonomisk-politiske spørsmål.

Industristatistikken gjev eit detaljert oversyn over tilsetting, produksjonsverdi, produksjonskostnader, tilarbeidingsverdi og investeringar fordelt på næringar og regionar. Statistikken vert presentert årleg som Dagens Statistikk på internett, og har òg vorte publisert i eiga publikasjon i serien Noregs Offisielle Statistikk (Industristatistikk). Dei seinare åra har det òg vore stigande etterspørsel etter spesialutskrifter frå statistikken frå både offentlege myndigheter (bransjeanalyser, utgreiingar osv.), og private brukarar (mellom anna til marknadsanalyser).

Industristatistikken utgjør ein av grunnpilarane ved utarbeidninga av nasjonalrekneskapet kvart år. Nasjonalrekneskapssystemet tar mellom anna sikte på å kartlegge dei samanhengane som eksisterer mellom ulike delar av økonomien. Nasjonalrekneskapet er òg grunnlaget for dei makroøkonomiske planleggingsmodellane. Desse er viktige verktøy for å beregne den framtidige utviklinga i økonomien, og dei har ein heilt sentral plass i Finansdepartementets arbeide med nasjonalbudsjettet.

Den norske industristatistikken er samordna med tilsvarende statistikk for EØS-området. Aggregert data frå undersøkinga rapporteras til Eurostat, EUs statistiske kontor, i samsvar med EØS-avtalen.

## 2. Om produksjon av statistikken

### 2.1. Omfang

#### *Bedrifter*

Den årlige industristatistikken omfattar alle bedrifter klassifisert i næringane bergverksdrift og industri slik desse næringane er definert i Standard for næringsgruppering (SN 2002). Det har ikkje vorte gitt oppgåver knytt til olje- og gassutvinning.

#### *Føretak*

Føretakspopulasjonen tek utgangspunkt i bedriftspopulasjonen, og omfattar alle føretak (sjå definisjon under 3.1) med hovudnæring i næringane bergverksbedrift og industri.

### 2.2. Utval

Populasjonen er satt sammen av alle aktive føretak i næringsområdet i statistikkåret. Populasjonen er delt inn i delpopulasjonar, kalla strata, etter kjennemerka næring og talet på sysselsette. I somme strata vert alle føretaka trekt ut til å være med i utvalet, frå andre vert berre eit representativt tal trekt ut. Desse føretaka utgjer til saman det utvalet som skal sende inn fullstendige sett av opplysningar (det vil seie Næringsoppgåva (NO) og tilleggsskjema).

### 2.3. Datakjelder

For eit utval av føretaka, under dette alle fleirbedriftsføretaka, bygger statistikken på Næringsoppgåva (NO) og eit tilleggsskjema med utfyllande opplysningar. Næringsoppgåva vert sendt inn saman med tilleggsskjemaet eller rapportert elektronisk via Skattedirektoratet.

Informasjon som tal frå rekneskapen eller for omsetning for alle einbedriftsføretak som ikkje er med i utvalet vert henta i frå følgjande kjelder:

- Elektronisk innleverte næringsoppgåver til Skattedirektoratet
- Rekneskapsregisteret i Brønnøysund
- Manntalet over dei som pliktar å betale meirverdiavgift (Momsregisteret)
- Arbeidstakar/arbeidsgjevarregisteret (Aa-registeret)

Dei detaljerte rekneskapsopplysingane frå utvalet vert samanlikna med opplysingane frå dei administrative registera og Strukturundersøkinga. Til saman dannar desse grunnlaget for utrekningane av dei økonomiske strukturane i næringa.

## 2.4. Datainnsamling

Det vert henta inn fullstendige sett av oppgåver (NO med tilleggskjema) frå eit utval føretak.

Tilleggskjema vert samla inn gjennom rapportering via Internett og ved hjelp av postalt spørjeskjema. Skjemaa vert sende ut i månadsskiftet april/mai etter statistikkårets slutt, med 4 til 5 vekers svarfrist. Føretak som ikkje svarar på den fyste førespurnaden vert følgt opp skriftlig i opp til 6 månader etter svarfristen. Føretak som ikkje svara, vert pålagt tvangsmulkt.

For dei resterande føretaka vert tal for omsetning og andre vesentlige rekneskapsopplysningar henta inn frå næringsoppgåver levert elektronisk til Skattedirektoratet og frå årsrekneskap i Rekneskapsregisteret i Brønnøysund. Vidare er det henta inn tal for omsetning frå føretak i Momsregisteret.

På ein slik måte får ein opplysningar frå alle føretaka.

## 2.5. Oppgåvebyrde

I 2004 vart det gjennomført ei undersøking der ein så på oppgåvebyrden for denne statistikken. Vekta sum av tida brukt på innsamling og informasjon og sjølvé skjemautfyllinga for einbedriftsføretak og fleirbedriftsføretak ga eit totalt tidsforbruk på 175 minuttar. Resultata finn ein i Eurostat-publikasjonen *Developing methods for assessing perceived response burden*<sup>1</sup>.

## 2.6. Kontroll og revisjon

All data som vert samla inn går igjennom ein detaljert revisjon på mikronivå. Det vert utført konsistenskontrollar mellom summen av industristatistikkskjemaa for eit føretak og Næringsoppgåva. Det vert òg kontrollert for store avvik mellom industristatistikkskjemaa og skjemaa frå vareundersøkinga (Prodcom) og statistikken over energibruk. Investeringsopplysingane på strukturskjemaa vert kontrollert mot opplysningar frå den kvartalsvise investeringsundersøkinga. Tala vert òg kontrollerte mot korttidsstatistikk for industrien.

## 2.7. Utrekningar

Den endelige populasjonen i 2007 var sett saman av 20 650 bedrifter klassifisert i industri og bergverk, og det er på grunnlag av desse bedriftene at bedriftstala vert utarbeida.

	Bedrifter i alt	Produksjonsverdi i mrd.	Sysselsetting
Populasjon .....	20 650	797,3	275 944
Nettoutval .....	4 167	696,4	216 599
Utanfor utvalet .....	16 483	100,9	59 345

<sup>1</sup><http://epp.eurostat.ec.europa.eu/portal/page/portal/quality/documents/DEVELOPING%20METHODS%20FOR%20ASSESSING%20PERCEIVED%20RESPONSE%20BURD.pdf>

Nettoutvalet er bedriftene i populasjonen Statistisk sentralbyrå har henta inn data direkte frå, og dette utvalet var på 4 167 bedrifter i 2007. Dette utvalet sto for 87,3 prosent av total produksjonsverdi og 78,5 prosent av den totale sysselsetting i industri og bergverk.

16 483 bedrifter var utanfor utvalet i 2007. Dette er bedrifter som vi ikkje har henta inn skjemaopplysninga frå, då dei hadde færre enn 10 sysselsette på trekketidspunktet i følgje bedrifts- og føretaksregisteret. Desse bedriftene hadde 21,5 prosent av sysselsettinga i industri og bergverk i 2007, og sto for 12,7 prosent av produksjonsverdien.

Talet for produksjonsverdien for bedriftene utanfor utvalet er eit kalkulert tal, som dei fleste av dataa for denne gruppa. Estimeringsmetodane baserer seg i hovudsak på rateestimat med utgangspunkt i dei variablar vi har frå andre kjelder. Data frå desse kjeldene omfattar mellom anna omsetningstal frå Momsregisteret og årsrekneskapsdata for bedrifter i einbedriftsføretak.

### 3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

#### 3.1. Definisjon av dei viktigaste omgropa

**Bedrift** er definert som ein lokalt avgrensa funksjonell eining der ein i hovudsak driv med aktivitetar som fall innafor ei bestemt næringsgruppe. Dette bedriftsomgrepet, som nytta i industristatistikken, er i samsvar med definisjonen av "Lokal bransjeenhet" i norsk standard for næringsgrupperingar (SN2002) og "establishment" i FNs næringsstandard ISIC Rev. 3 og EUs næringsstandard NACE Rev. 1.1

**Føretak** er den organisatoriske eininga som omfattar all verksemnd som drivast av same eigar, og eit føretak kan difor bestå av fleire bedrifter. Føretak er òg den minste organisatoriske eininga som pliktar å utarbeide rekneskap.

Det er brukt føljande retningslinjer for å dele eit føretaks verksemnd opp i bedrifter:

- verksemder som drivast i ulike kommunar, reknast som særskilte bedrifter.
- verksemder som hører til ulike næringsgrupper (firesifra) kan reknast som særskilte bedrifter når statistikkfaglege behov krev dette, sjølv som verksemdene ligg på same stad. For at ein skal dele ein lokal eining i fleire bedrifter, krevjast det at kvar av verksemdene er av eit visst omfang, innan industrinæringane at det er minst fem sysselsette innan kvar verksemnd. Av omsyn til kva som er praktisk mogleg å rapportere for oppgåvegivarane er det gjort ein del tillempingar av desse retningslinjene.

**Hjelpeavdelingar.** Av omsyn til den geografiske grupperinga av sysselsettinga er lokalt åtskilte hovudkontor, avdelingskontor, salskontor, lageravdelingar og liknande skilt ut som eigne einingar. Einigane kallast hjelpeavdelingar, men reknast ikkje som eigne bedrifter i statistikken. Hjelpeavdelingane skal gi oppgåver over sysselsetting, lønnskostnader, driftskostnader, investeringar o.a.

Hjelpeavdelingar vert gruppert i same næringsgruppe som den bedrifta innan føretaket eller konsernet ho i hovudsak yt teneste til. Yt avdelinga tenester til fleire bedrifter med ulik næringsgruppe, kan det oppretta fleire hjelpeavdelingar innafor eit lokalt avgrensa område. Verdien av tenestene frå hjelpeavdelinga (produksjonsverdien) blir sette lik avdelingas lønnskostnader og produktinnsats. Desse tenesteleveransane inngår som produktinnsats i den mottakande produksjonsbedrifta (intern leveranse). I statistikken for 2007 er det med oppgåver for 600 hjelpeavdelingar med til saman 12 726 sysselsette.

### 3.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka

Kjennemerka eller variablane er innhenta frå bedriftene ved hjelp av skjema og føretakas rekneskap. Våre skjema er tilpassa på kva for ein måte bedifta er knytt til føretaket og bedriftas størrelse. Eit av hovudformåla med industristatistikken er å fordele strukturelle data som tilarbeidingsverdi, sysselsetting og investeringar geografisk og etter næring. Eit fleirbedriftsføretak vil normalt ha verksem i fleire næringar og/eller kommunar. Av den grunn innhentar vi fleire kjennemerke på bedriftsnivå frå fleirbedriftsføretaka enn einbedriftsføretak der det er samsvar mellom føretak og bedrift.

Våre skjema er i størst mogeleg grad bygd opp og knytt til standard grunnkontoplan og Næringsoppgåva. Eit eksempel på skjema for større bedrifter i fleirbedriftsføretak er gitt att som vedlegg.

**Eigarform.** Bedriftene er gruppert etter føretakets eigarform som er bestemt etter det formelt juridiske ansvarsforhold for føretakets forpliktingar. Det er skilt mellom desse gruppene:

*Enkeltmannsfirma*, dvs. føretak med berre ein eigar og der denne er økonomisk ansvarleg med heile si formue for føretakets økonomiske forpliktingar.

*Ansvarleg selskap*, dvs. føretak med to eller fleire eigalarar, som alle heftar med heile si formue for føretakets forpliktingar.

*Aksjeselskap*, dvs. føretak der eigalarane ansvar er avgrensa til innskoten aksjekapital.

*Allment aksjeselskap*, dvs. det same som aksjeselskap, men kan i tillegg ta opp aksjekapital frå det allmente. Dei fleste allmente aksjeselskap er store føretak og som oftast er desse børsnoterte.

*Selskap med avgrensa ansvar*, dvs. føretak der det ansvar eigarane/deltakarane har er avgrensa til innskoten partskapital.

*Anna eigeform.* Med anna eigeform meinast her institusjonar, foreiningar og andre føretakstypar ikkje nemnt tidligare.

**Sysselsetting** er alle som arbeider i bedriftene. Dei som er borte på grunn av sjukdom, ferie, arbeidskonflikt o.a. er med, medan dei som er borte på grunn av fyrstegongsteneste og dei som er permittert grunna driftsinnskrenkingar er haldne utanfor. Sysselsettingstala synar gjennomsnittleg sysselsetting gjennom året.

I forhold til den registerbaserte sysselsettingsstatistikken, der ein person berre vert rekna med i hovudjobben, kan same person her ha fleire arbeidsforhold samtidig. Den registerbaserte sysselsettingsstatistikken tek utgangspunkt i personar som er sysselsette, mens strukturstatistikken seier noko om bedriftene og føretaka som inngår i populasjonen. Talet på sysselsette vil derfor ikkje være direkte samanliknbart med talet på sysselsette i ei anna statistikk.

Arbeidskraft som er leigd inn frå vikarbyrå er ikkje inkludert i sysselsettingstala.

I personleg firma og ansvarleg selskap er berre eigalarar som dagleg arbeider i bedrifta tatt med. I aksje- og partsselskap er medeigalarar som arbeider i bedrifta, rekna som tilsette.

Som tilsette å rekna er òg bedriftsleiatarar, tilsette styremedlem, transportarbeidarar , bod, avisbod, vaktmeistare og vaskehjelp.

**Produksjonsverdi.** Produksjonsverdi (tidligare bruttoproduksjonsverdi) er definert som summen av:

- (1) Produksjon for eiga rekning
- (2) Reparasjonsarbeid utført for kundar
- (3) Leinearbeid utført for andre
- (4) Andre inntekter
- (5) Bruttoforteneste på sal av handelsvarer

(1) *Produksjon for eiga rekning* omfattar varer som bedrifa har produsert i året for sal eller levering til andre bedrifter i eiga føretak. Det er uavhengig av om varane er selt, lagt på lager eller framleis er under arbeid. Varer som vert leieprodusert i andre bedrifter er òg medrekna.

Salsverdien av ferdigproduserte varer er inklusive frakt, emballasje og offentlege avgifter unntake utgående meirverdiavgift.

For produkt som leverast til andre bedrifter i eiga føretak, er det så vidt mogeleg, nytta marknadsprisar. Dersom desse ikkje er kjende for føretaket (for varar som ikkje er selt eller kjøpt av føretaket), er leveransane mellom industribedrifter vurdert til sjølvkost pluss normalforteneste, og for leveransar mellom industribedrift og utsal vurdert til salsverdi med frådrag for brutto handelsavans. Produksjon av raffinerte oljeprodukt vert vurdert til prisane på verdsmarknaden.

For enkelte industrigrupper er det gjort unntak frå den generelle regelen om at produksjon for eiga rekning skal omfatte eigne produkt som er framstilt for sal.

I gruppa forlag og liknande er annonseinntekter tatt med under produksjon for eiga rekning. I grafisk industri vert verdi av utført arbeid oppgitt som produksjon for eiga rekning.

(2) *Reparasjonsarbeid utført for kundar* omfattar òg reparasjonsarbeid utført for andre bedrifter i eige føretak. Verden av utført reparasjonsarbeid omfattar opptent godtgjøring for slikt arbeid utført etter oppdrag frå kundar. Betaling for materialar som bedrifa har helde, er òg tatt med. Utgifter til reparasjonsarbeid på bedriftas eigne bygningar, maskinar og liknande reknast ikkje med.

(3) *Leinearbeid utført for andre* omfattar dei beløp bedriftene har mottatt i året for tilarbeiding av råvarer som kundane held. Verden av eventuelle materialar som bedriftene held, er tatt med.

(4) *Andre inntekter* omfattar ei rekke inntektstypar som provisjonsinntekter, lisensinntekter, godtgjøring for konsulentarbeid, knowhow, sal frå eigne kantiner, inntekt av frakttenester utført for andre osv. Renter, dividendar og liknande finansielle inntekter er ikkje tatt med.

Leieinntekter omfattar bruttoinntekt ved utleie av bygningar og anlegg, maskinar, transportmiddel og andre varige driftsmiddel.

(5) *Bruttoforteneste på sal av handelsvarar*. I tillegg til vanleg industriproduksjon kjøper ein del industribedrifter inn varar som dei sel vidare utan noko tilarbeiding i bedrifa. I motsetning til produkt framstilt i bedrifta, råvarer bruk til vareproduksjon og liknande, vert varer industribedrifa sel vidare utan noko tilarbeiding kalla handelsvarer. Bruttoforteneste på sal av handelsvarer er definert som sal minus forbruk (inntakskost) av varene. Meirverdiavgift er ikkje med i tala. Når omsetninga av handelsvarer er av relativt stort omfang, vert verksemda skilt ut som eiga bedrift og gruppert under varehandel.

**Produktinnsats.** Produktinnsats er definert som summen av:

- (1) Råvarer, halvfabrikata og hjelpestoff som vert nytta direkte i samband med produksjonsprosessen og emballasje
- (2) Leinearbeid utført av andre
- (3) Brensel, drivstoff og elektrisk kraft
- (4) Reparasjonsarbeid utført av andre
- (5) Andre kostnader

*(1) Råvarer, halvfabrikata, hjelpestoff, emballasje og råvarer til produksjon av emballasje til eiga bruk.* Her er det tatt med råvarer og hjelpestoff som er brukt i bedrifta eller som er levert til andre for leietilarbeiding. Mellomprodukt mottatt frå andre bedrifter i føretaket er òg inkludert. Råvarer o.a. som er mottatt frå andre for leietilarbeiding, skal ikkje være med.

Hjelpestoff er alle varer som nyttas i produksjonen, men som vanlegvis ikkje reknast som råvarer, brensel eller emballasje. Varer som er tatt med under hjelpestoff er sprengstoff, smøreolje og smørefeitt, pussemiddel, verktøy og apparat med vidare som er tatt i bruk i året og som normalt ikkje varer meir enn eitt år. Driftsmateriell som vaske- og reingjøringsmiddel, toalettartiklar og liknande vedlikehaldsrekvisita, tas ikkje med her.

Verdien av råvareforbruket er vurdert etter prisar på produksjonstidspunktet. Inngående meirverdiavgift er ikkje tatt med i beløpa. Avgiftar som bedrifta betalar til offentlege styresmakter er ikkje med, med mindre det er knytt ei form for motyting til avgifta, slik som tilfellet for eksempel er med vassavgift, renovasjonsavgift osv. Tilskot knytt til forbruk av råvarer og hjelpestoff, er medrekna, dvs. ikkje trekt ifrå verdien fakturert frå leverandør.

Utgifter til transport (unnateke transport med eiga mannskap og materiell ), frakt, spedisjon vedrørande innkjøpet, toll eller utgifter i samband med å få varar/tenester i land er alle tatt med. All emballasje er oppgitt til innkjøpsverdi. Som forbruk av ferdig emballasje reknast også emballasje produsert av andre bedrifter i eige føretak, og verdien er oppgitt etter interne avrekningsprisar, eventuelt etter marknadsprisar. Råvarer til emballajeproduksjon er berre tatt med i dei tilfella bedrifta både produserer og forbruker emballasjen.

*(2) Leinearbeid utført av andre.* Med leinearbeid meinar vi tilarbeiding av råmateriale som oppgåvegivaren held. Godtgjering til andre bedrifter for spesialarbeid utført på produkt framstilt av oppgåvegivaren, er òg tatt med her. Verdien omfattar godtgjering som er laupt på til andre bedrifter for tilarbeiding av råvarer som bedrifta held.

*(3) Brensel, drivstoff og elektrisk kraft.* Brensel og elektrisk kraft til oppvarming med vidare av tilsettes bustad, er ikkje med. Forbruket av brensel, drivstoff og elektrisk kraft er oppgitt til innkjøpsverdi. Kostnader som nettleie ved kjøp av elektrisk kraft, er òg inkludert.

*(4) Reparasjonsarbeid utført av andre.* Reparasjonsarbeid omfattar reparasjon av bygninger, anlegg, maskinar, transportmiddel eller andre varige driftsmiddel som bedrifta eiger eller disponerer.

*(5) Andre kostnader* omfattar ei rekke kostnadsposter i driftsrekneskapet. Frakt og spedisjon inngår og omfattar utgifter til leie av bygninger, anlegg, maskinar, transportmiddel og andre varige driftsmiddel. Med utgifter til leie av bygninger og anlegg meiner vi òg husleige, med unntak av den del som gjeld leie av bustadhús. Vidare inngår reklame, telefon, porto, representasjon, diett- og kostgodtgjering osv. Betaling for knowhow, prosjekteringsarbeid, forskings- og garantikostnader er òg rekna med. Derimot er ikkje avskrivningar, tap på fordringar og tap ved avgang av varige driftsmiddel, finansielle utgifter, skattar og liknande tatt med.

**Tilarbeidingsverdi.** Tilarbeidingsverdi er – om ikke anna er oppgitt – angitt til marknadsprisar og er lik produksjonsverdi med frådrag for produktinnsats. Tilarbeidingsverdien er rapportert utan meirverdiavgift.

**Tilarbeidingsverdi til faktorprisar** er lik tilarbeidingsverdi til marknadsprisar tillagt tilskot frå staten og med frådrag for avgifter unntatt meirverdiavgift, investeringsavgift og arbeidsgivaravgift.

**Lønnskostnader.** Lønnskostnader omfattar kontraktsmessig lønn, andre ytingar til beste for lønnstakarane og arbeidsgivaravgift til folketrygda.

Kontraktsmessig lønn omfattar lønn til alle tilsette før frådrag for skattar, trygdepremier, pensjonspremier og liknande, som dei tilsette skal betale. I tillegg til kontantlønn for normal arbeidstid er det tatt med godtgjeringar for overtid, provisjon til tilsette seljarar og reisande, tantieme, gratiale, feriegodtgjering, verdi av avtalte naturalytingar og fri trygdekasse, lønn under militærteneste, sjukdom eller anna fråvær.

Andre ytingar omfattar mellom anna laupande pensjonsutbetalingar til tidligare tilsette, innbetalingar til premiefond og pensjonsfond, arbeidsgjevars del av premier til sjuke- og ulukkesforsikring etablert ved tariff- eller arbeidsavtale, stønad ved bedriftsulukker og utgiftar til tilsettes fritidsverksemد.

Lønnskostnader omfattar ikke godtgjering til eigarar av enkeltmannsføretak eller ansvarleg selskap eller til familiemedlemmer utan fast lønn.

**Lønnskostnadsdel.** Lønnskostnadsdel er definert som bedriftas totale lønnskostnader i prosent av tilarbeidingsverdien til faktorpris. Ein lønnskostnadsdel på 100 tydar at tilarbeidingsverdien akkurat dekker lønnskostnadene.

**Bruttoinvesteringar.** Som bruttoinvestering reknast (1) anskaffingar av varige driftsmiddel, nye eller brukte, som normalt ikke blir slitt ut i laupet av eitt år, *minus* (2) sal av varige driftsmiddel. Investeringsarbeid som utførast av bedriftas eigne arbeidarar til eget bruk, er tatt med i (1).

Maskinar, transportmiddel og liknande reknast som nyskaffing i det år utstyret er mottatt, utan omsyn til om det har vore i bruk eller ikke i året. Bygningar, anlegg, tomter og liknande som er kjøpt inn i året, samt bygge- og anleggarbeid utført i året for bedriftas rekning, er oppgitt utan omsyn til når betalinga skjer.

Verdien av nyskaffingane gjeld dei faktiske utgiftane medrekna investeringsavgift, som har laupt på i året utan omsyn til når betaling finn sted.

Sal av driftsmiddel er oppgitt salsverdi av driftsmiddel selt i året.

Bruttoinvesteringstala omfattar berre investering i kapital som eigas av bedrifter i industri og bergverk. Oppgåver over industriinvesteringar o.a. (t.d. industribygging) som foretas av bedrifter i andre næringar (t.d. eigedomsselskap) er ikke med.

**Driftsinntekter.** Driftsinntektene omfattar salsinntekter, provisjonsinntekter, leieinntekter, offentlege tilskot og andre inntekter som er knytt til drifta. Postar knytt til føretakets hovudverksemد og biverksemد er rekna med, og det er gjort frådrag for offentlege avgiftar. Interne leveransar mellom føretakets bedrifter/avdelingar er ikke med.

**Driftskostnader.** Driftskostnader omfattar vareforbruk, lønnskostnader, ordinære av- og nedskrivningar og andre kostnader som er knytt til sal, produksjon og administrasjon. Rett til frådrag for meirverdiavgift er trekt ifrå kostnadene.

**Driftsresultat.** Driftsresultat er lik driftsinntekter med frådrag for driftskostnader.

**Årsoverskott.** Årsoverskottet er lik driftsresultat med tillegg for resultat av finansinntekter og finanskostnader og resultat av ekstraordinære inntekter og kostnader fråtrekt skattekostnad.

Sambandet mellom driftsinntekter og produksjonsverdi og driftskostnadar og produktinnsats er som føljer:

*Driftsinntekter* – Selte handelsvarers kostnad + Lagerendringar ferdigvarer og varer i arbeid – Gevinst ved sal av anleggsmiddel + Avgifter – Tilskot = *Produksjonsverdi*.

*Driftskostnadar* – Lønnskostnadar – Selte handelsvarers kostnad – Av- og nedskrivningar – Lagerendringar ferdigvarer og varer i arbeid = *Produktinnsats*.

### 3.3. Næringsgrupperinga

Næringsgrupperinga er i samsvar med norsk Standard for næringsgruppering (SN 2002) som bygger på EUs næringsstandard NACE Rev. 1.1 og FNs næringsstandard ISIC Rev. 3. Tal for statistikkåret 2008 vil være i samsvar med ny Standard for næringsgruppering, SN 2007. Førebelse tal for 2008 nyttar denne standarden. Du kan finne meir opplysningar om SN 2002 på våre nettsider, [www.ssb.no](http://www.ssb.no).

## 4. Feilkjelder og uvisse

Feil kan og vil oppstå i mange ledd av datafangstprosessen. Sentrale feilkjelder vil være utfyllingsfeil, registreringsfeil, optiske lesefeil og revisjonsfeil. Andre feil stammer frå register, ulike prinsipp for rekneskapsføring og eventuelle ulike tolkingar av omgrepene. Gjennom ein utførlig revisjonsprosess og maskinelle og manuelle etterkontrollar blir mange feil og inkonsistensar oppdaga og retta.

I og med at det reknast data for dei fleste av bedriftene med mindre enn ti tilsette knyter det seg særleg usikkerheit til desse dataa. Uvissa vil variere noko med omsyn til dei ulike variablane, da nokre variable er betre dekka av register, som tilsetting og enkelte rekneskapsvariable.

## 5. Samanlikningar og samanheng

### 5.1. Samanlikningar over tid og stad

Førebelse tal vert publisert før datagrunnlaget er ferdig revidert, og vil difor kunne avvika noko frå dei endelige tala som vert publisert innan 18 månadar etter statistikkårets slutt. For føretak i utvalet som ikkje er registrert innan publisering, vert førebelse tal berekna ved hjelp av andre kjelder.

For *endelege tal* ligg hovudfiler på maskinlesbart medium tilbake til 1966. Desse dataa er i hovudsak samanliknbare med omsyn til dekning, og samanhengande med omsyn til omgrep.

Ved samanlikning mot tidlegare publiserte tal bør brukarane være merksame på at eldre data kan ha vorte korrigert i forbindelse med revisjon av siste års statistikk. I tillegg vil ajourføring av næringskodar i frå Bedrifts- og føretaksregisteret kunne medføre endringar for enkelte næringar. Slike endringar vil ikkje gjenspeilas i dei tidlegare publiseringane.

Endringar i rekneskapslovgiving, klassifiseringspraksis, utval, detaljer i omgrepa med vidare, kan bidra til at moglegheita for samanlikning vert noko avgrensa.

Det har vore fleire viktige endringar for strukturstatistikken for industri og bergverk. 1) I 1989 vart behandlinga av små bedrifter endra, noko som førte til at om lag 1 000 bedrifter vart tekne ut av statistikken og at sysselsetting vart redusert med vel 3 000. 2) På 1990-talet innførte Statistisk Sentralbyrå ei ny næringsstandard (SN94) som representerte relativt store endringar jamført med den tidlegare standarden frå 1983. Dei første tala basert på denne standarden vart publisert i 1995, då for åra 1989-1993. Det vart gjennomført mange flyttingar av bedrifter, både mellom industrigrupper og mellom industri og andre næringar. Mellom anna vart verna bedrifter omklassifisert frå industri til sosialtenester, og støyping av betongunderstell til oljeplattformar vart omklassifisert frå industri til bygge- og anleggsvirksem. Gjenvinning av avfall og skrap vart etablert som ny industrinæring (overført frå tenesteytande næring). Samla sett førte alle endringane til 10 000 færre industrysselte i 1992, samstundes med at produksjonsverdien vart nedjustert med 6,4 prosent og tilarbeidingsverdien med 1,2 prosent. 3) Frå og med 1996 inkluderer produksjonsverdien frakt, 4) og asfaltverk vart gruppert om frå næring 23 Kull og petroleumsprodukt til 26 Andre ikkje-metallhaldige mineralprodukt. 5) Det vart òg gjennomført ei omlegging og tilpassing av industristatistikken til EUs forordning for strukturstatistikk i 1996. Ein konsekvens av dette er att føretaka har vorte viktigare ved innsamling og presentasjon av statistikken. 6) Frå 1998 vart føretaksinterne verkstader omgruppert frå industri til transport, noko som gjaldt mellom anna reparasjonar av lokomotiv og fly. 7) Siste viktige endring er at enkeltmannsføretak der eigaren arbeidar aleine eller bedrifter der omsetninga utgjør mindre en 0,5 årsverk er inkludert frå 1999. Dette utgjør om lag 10 000 sysselte personar. Du kan lese meir om mange av disse endringane i SA100 *Fra håndkraft til høyteknologi*, som ein finner på [www.ssb.no/emner/10/07/sa100/index.html](http://www.ssb.no/emner/10/07/sa100/index.html).

## **5.2. Samanheng med annan statistikk**

Strukturstatistikken kan i hovudsak samanliknast med Vareundersøkinga (Prodom), då begge undersøkingar omhandlar bergverk og industri. Forskjellane mellom de to statistikkane ligg først og fremst i at 1) Vareundersøkinga er basert på føretak som rapporteringseining, medan Strukturundersøkinga er basert på bedrifter og 2) at Strukturundersøkinga er ei fullteljing av bedrifter i bergverk og industri, medan Vareundersøkinga har som krav at føretaket skal ha minst 10-20 tilsette (avhenger av næring). Desse forskjellane gjer at statistikkane ikkje kan samanliknast direkte, men at tendensane frå år til år bør samanfalle.

Vareundersøking vert publisering om lag 4 eller 8 månader før dei førebelse og endelege tala frå Strukturundersøkinga, og vert nytta som ei pekepinne på retninga i tala for dei ulike næringane saman med tala frå korttidsstatistikk for industrien.

# **6. Kvar ein finn statistikken**

## **6.1. Internett-adresse**

Strukturtal for industrien finn du på [www.ssb.no/sti](http://www.ssb.no/sti). Det vert òg publisert varetal for industrien, sjå [www.ssb.no/vti](http://www.ssb.no/vti).

Det er òg laga ei temaside på internett for industrien, [www.ssb.no/industri/](http://www.ssb.no/industri/).

## **6.2. Språk (bokmål/nynorsk, engelsk)**

Alle artiklar vert publisert på norsk (anten bokmål eller nynorsk) og engelsk.

### 6.3. Publikasjonar

Statistikken vert offentliggjort elektronisk i SSBs Statistikkbank. Nokre tabellar vert òg publisert i Statistisk årbok.

### 6.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet

Mikrodata, informasjon om utvalseiningar og informasjon om populasjon vert midlertidig lagra i programspråket SAS, og vert langtidslagra som tekstfiler.

### 6.5. Annan dokumentasjon

*Eurostat manual on the production of Structural Business Statistics* vert nytta i utarbeidninga av strukturstatistikk for industri og bergverk.

Meir dokumentasjon kan du finne under *Om statistikken* på vår nettstad [www.ssb.no/sti/om.html](http://www.ssb.no/sti/om.html).


## 7. Nokre hovudresultat

### 7.1. Sysselsetting

I 1998 var talet på sysselsette innanfor industri og bergverk på det høgaste nivået sidan 1988, med om lag 300 000 sysselsette. Det var det sjette året på rad at sysselsettinga auka. Men frå og med 1999 byrja ho å falla, og nådde botn i 2005 med 260 000 sysselsette. Så, frå 2005 til 2006 såg vi ei auke på nesten 9 500 personar, 4 prosent. Auka heldt fram i 2007, og talet på sysselsette nådde ca. 276 000.


Til tross for denne auka, har den totale sysselsettinga for industri og bergverk gått ned med 12 prosent (om lag 35 800 personar) sidan 1998.

**Figur 1. Sysselsette i industri og bergverk. 1998-2007**



Det var om lag 19 800 bedrifter innanfor industri og bergverk i 2007, og 195 av desse hadde 200 sysselsette eller fleir. Til saman sysselsette desse bedriftene over 79 000 personar, noko som utgjer 29 prosent av total sysselsetting for industri og bergverk. Sjølv om talet på personar sysselsett i bedrifter med over 200 sysselsette har gått ned med 19 prosent sidan 1998, er delen av dei sysselsette som arbeidar i denne gruppa berre 3 prosentpoeng lågare i 2007 enn 1998.

**Figur 2. Sysselsette i grupper for bedriftsstørrelse. Industri og bergverk. 1998, 2001, 2004 og 2007**




Nærings- og nyttingsmiddelindustrien sysselsette over 49 000 i 2007 og var dermed det næringsområdet som sysselsette flest. Næringa er etterfølgt av maskin- og utstyrssindustrien, som sysselsette om lag 26 000. I 1998 var det også nærings- og nyttingsmiddelindustrien som sysselsette flest, men var då etterfølgt av forlagsindustri, grafisk produksjon m.m.

Det er innanfor papirmasse- og papirindustrien, forlag og grafisk produksjon og tekstil- og kledningsindustrien at det har vore størst relative endringar i talet på sysselsette sidan 1998, men reduksjonar på respektive 38 prosent, 37 prosent og 36 prosent.

Det har i hovudsak berre vore mindre endringar frå 2006 til 2007. Størst var dei relative endringane i maskin- og utstyrssindustrien og transportmiddelindustrien, der talet på sysselsette økte med respektive 9 prosent og 8 prosent, og i papirmasse- og papirindustrien, der sysselsettinga sank med 8 prosent.

Rogaland var det fylket som sysselsette flest innanfor industri og bergverk i 2007, med sine 32 000 sysselsette, etterfølgt av Hordaland og Oslo. Rogaland var det fylke som sysselsette flest innafor industri og bergverk òg i 1998.


**Figur 3.** Sysselsette i de ulike fylka. Industri og bergverk. 1998 og 2007

Frå 2006 til 2007 opplevde alle fylka, med unntak av Telemark, Oslo og Hedmark, ein oppgang i talet på sysselsette. Det er berre Svalbard som har opplevd auka industri- og bergverkssysselsetting sida 1998; for fastlands-Noreg har sysselsettinga vorte redusert dei seinaste 9 åra.

## 7.2. Produksjon og verdiskaping

Total produksjonsverdi i industri og bergverk var på nesten 800 milliardar i 2007, ei auke på 70 prosent frå 1998. Verdiskaping målt ved tilarbeidingsverdi til marknadsprisar gjekk opp til 216 milliardar i 2007. Det er ei auke på 3 prosent frå 2006, men ei auke på heile 58 prosent sidan 1998.

Målt per sysselsett har tilarbeidingsverdien auka frå 439 000 i 1998 til 783 000 i 2007, ei auke på 78 prosent.

**Figur 4.** Tilarbeidingsverdi per sysselsett i ulike næringsområde. Industri og bergverk. 1998 og 2007

Den næringsmessige verdiskapinga per sysselsett varierte mykje i 2007, frå 458 000 i tekstil- og kledningsindustri til 1 588 000 for petroleumsindustri og kjemisk industri. Andre kapitalintensive næringsområde, som metallindustrien, hadde òg høg tilarbeidingsverdi per sysselsett.


Hordaland, eit fylke som er sterkt prega av den positive utviklinga i oljeraffineringsindustrien, hadde den høgaste verdiskapinga i 2007 (noko under 27 milliardar), etterfølgt av Rogaland og Oslo.

### 7.3. Inntekter og kostnader


I 2007 var inntektene innafor norsk industri og bergverk på om lag 822 milliardar kroner.

Bedriftenes inntekter kom i all hovudsak frå sal av eigenproduserte varar, som aleine utgjorde 84 av dei totale inntektene. Sal av handelsvarer utgjorde 5 prosent av dei totale inntektene, og 7 prosent kom frå reparasjons- og leitarbeid.

**Figur 5. Inntekter. Industri og bergverk. 2007**



Kostnadene låg på 747 milliardar, der over halvparten av beløpet var råvarekostnad (56 prosent). Lønnskostnadene var den nest største posten, og sto for 18 prosent av totalen. Energikostnaden for industri og bergverk samla var på tilnærma 17 milliardar, og utgjorde 2 prosent av dei totale kostnadene.

**Figur 6. Kostnader. Industri og bergverk. 2007**

Frå 1999 til 2007 har inntektene økt med ca. 324 milliardar, eller 65 prosent. Vi ser i liknande uviklinga i kostnadene, som har økt med 68 prosent sidan 1999.

Fordelinga av inntektene har stort sett halde seg lik de siste åra, men for kostnadene ser ein at lønnskostnadene som del av totale kostnader har vorte redusert, medan den delen som utgjer råvarekostnaden har gått opp med 5 prosentpoeng. Nedgangen i lønnskostnadsdelen kan ha samanheng med den tidlegare nemnde reduksjonen i industrisysselsettinga. Dei andre kostnadene har (sett som delar av totalen) halde seg stabile.

#### **7.4. Bruttoinvesteringar**

Bruttoinvesteringane i industri og bergverksdrift var på 25,6 milliardar i 2007. Det er ei auke på 6 milliardar (31 prosent) frå 2006, og ei auke på litt over 4 milliardar, og dermed 20 prosent, frå 1998.

## 1. Hovedtal for bedrifter i industri og bergverk 1972-2007

	Bedrifter	Sysselsette	Lønns- kostnader	Produksjons- verdi	Tilarbeidingsverdi		Brutto- investering
					Marknads- prisar	Faktorprisar	
Millionar kr.							
1972	14 057	384 585	15 145	60 549	21 751	21 913	3 401
1973	14 241	385 180	17 004	70 804	25 102	25 405	3 764
1974	14 834	394 204	20 050	90 386	29 994	31 175	5 859
1975	14 356	390 243	23 817	102 362	33 265	34 707	6 685
1976	14 381	388 941	26 711	112 189	35 385	37 738	6 907
1977	14 161	389 906	29 480	123 531	37 084	40 360	8 838
1978	13 870	383 741	31 242	125 056	38 696	42 076	8 257
1979	13 767	378 617	31 945	143 402	44 814	48 607	7 300
1980	13 831	377 025	34 952	163 148	45 916	50 043	8 952
1981	13 990	370 993	38 375	181 233	49 417	52 971	10 853
1982	13 414	360 442	40 706	189 263	52 557	55 893	8 888
1983	13 117	337 374	42 278	198 332	57 416	60 739	7 767
1984	13 261	333 746	45 829	223 173	65 030	68 213	8 958
1985	13 451	336 249	50 586	252 541	69 882	72 388	11 535
1986	13 569	339 869	55 938	265 667	75 257	78 235	16 035
1987	13 865	338 223	61 722	287 160	83 840	85 426	19 137
1988	13 539	318 298	62 632	302 262	89 144	90 254	17 407
1989 <sup>1</sup>	12 338	296 028	61 301	318 700	89 920	90 901	12 479
1990	11 905	289 327	63 555	327 293	89 435	89 620	13 670
1991	11 511	283 152	66 023	329 672	91 277	90 679	12 731
1992	11 137	275 490	66 711	334 081	93 901	91 582	12 662
1989 <sup>2</sup>	12 236	289 667	60 273	296 357	89 067	89 576	12 371
1990	11 783	282 196	62 263	309 028	88 586	88 205	13 545
1991	11 373	274 189	64 426	310 686	90 225	88 963	12 488
1992	11 020	265 261	64 674	312 709	92 694	89 650	12 335
1993	10 994	266 816	66 665	318 041	98 440	94 771	9 777
1994	11 309	274 101	70 972	345 709	105 345	102 205	11 144
1995	11 021	281 490	75 393	372 578	116 419	112 799	16 139
1996 <sup>3,4</sup>	11 380	286 265	79 239	396 122	117 441	112 528	17 957
1997	11 998	296 184	86 275	433 673	127 384	122 310	17 728
1998	12 105	300 269	92 543	465 720	135 669	129 929	21 268
1999	11 415	295 371	93 980	473 357	141 598	134 196	17 632
2000	11 763	286 479	96 304	496 494	147 444	139 506	15 528
2001	11 160	276 469	98 325	508 340	151 827	142 359	16 514
2002	11 133	273 016	101 680	498 275	152 493	142 748	18 915
2003	10 600	264 082	100 294	494 794	159 240	148 940	14 558
2004	10 519	253 373	103 496	541 055	171 796	161 465	15 219
2005	10 231	250 037	109 777	596 219	182 619	172 041	16 375
2006	10 915	260 128	122 802	696 899	206 672	196 755	19 307
2007	10 503	267 623	133 979	786 915	214 377	205 084	25 211
1998 <sup>5</sup>	22 072	311 762	93 457	469 127	136 932	131 192	21 382
1999	21 131	305 763	94 967	477 004	142 806	135 404	17 672
2000	22 283	296 212	97 571	500 978	148 884	140 946	15 606
2001	21 957	287 835	99 898	514 863	153 907	144 440	16 726
2002	22 610	284 046	102 815	502 569	153 800	144 055	19 067
2003	21 809	273 177	101 513	501 474	161 835	151 536	14 721
2004	21 681	263 855	104 595	547 659	174 453	164 122	15 484
2005	21 171	259 653	110 865	603 617	185 531	174 953	16 659
2006	20 879	269 053	123 789	703 499	209 115	199 198	19 632
2007	19 819	275 944	134 846	797 280	216 197	206 904	25 654

<sup>1</sup> Endra behandling av små bedrifter har ført til at om lag 1 000 bedrifter er tekne ut av statistikken og at sysselsetting er redusert med vel 3 000. <sup>2</sup>Brot i tidsserien pga. endra næringsgruppering. Oppgåvene f.o.m. 1989 under brostreken er i samsvar med revisert standard for næringsgruppering (SN 94), men oppgåvene for 1972 - 1992 over streken er i samsvar til tidlegare standard. <sup>3</sup>Frå og med 1996 er produksjonsverda inklusiv frakt. <sup>4</sup>Asfaltverk er f.o.m. 1996 gruppert om frå næring 23 Kull og petroleumsprodukt til næring 26 Andre ikkje-metallhaldige mineralprodukt. <sup>5</sup>Frå og med 1998 er enkeltmannsføretak der eigaren arbeider aleine og bedrifter med omsetning under 0,5 årsverk også tekne med i statistikken.

## 2. Sysselsette i bedrifter, etter næring. 1998 - 2007

Næring	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
10,12-37 INDUSTRI OG BERGVERK .	311 762	305 763	296 212	287 835	284 046	273 177	263 855	259 653	269 053	275 944
10,12-14 BERGVERK .....	4 346	4 215	4 095	4 228	4 238	4 115	4 144	4 312	4 456	4 533
10 Kol og torv .....	252	242	242	286	265	265	282	331	392	427
13 Metallhaldig malm .....	549	451	357	358	393	357	361	389	421	429
14 Bergverksdrift elles .....	3 545	3 522	3 496	3 584	3 580	3 493	3 501	3 592	3 643	3 677
15-37 INDUSTRI .....	307 416	301 548	292 117	283 607	279 808	269 062	259 711	255 341	264 597	271 411
15-16 NÆRINGS- OG NYTINGSMIDDELINDUSTRI .....	54 179	54 835	54 144	53 747	53 997	53 366	51 717	49 942	49 566	49 111
15.1 Kjøtt- og kjøttvarer .....	11 817	12 106	12 781	12 928	13 302	13 007	12 626	12 163	12 341	12 165
15.2 Fisk- og fiskevarer .....	13 080	12 910	12 404	12 147	12 039	11 029	10 268	9 369	8 787	8 837
15.5 Meierivarer og iskrem .....	5 760	5 748	5 408	5 563	5 453	6 068	6 136	6 182	6 183	6 079
15.3-4/6-8 Næringsmiddel elles .....	15 792	15 563	15 267	15 272	15 511	15 436	15 199	14 974	15 332	15 206
15.9/16 Drikke- og tobakksvarer .....	5 440	6 137	5 789	5 565	5 386	5 480	5 218	5 004	4 764	4 671
17-19 TEKSTIL-, KLESPRODUKT, LER OG LERVAREPRODUKT .....	8 994	8 185	7 713	7 309	6 559	5 943	5 747	5 567	5 675	5 732
17 Tekstilar .....	5 805	5 414	5 183	5 125	4 592	4 127	3 928	3 801	3 841	3 886
18 Klede, ferdigbehandling og farging av pelsskinn .....	2 488	2 151	1 949	1 684	1 540	1 398	1 443	1 454	1 539	1 579
19 Ler og lervarer .....	701	620	581	500	427	418	376	312	295	267
20 TRELAST OG TREVAREINDUSTRI	16 915	15 922	15 807	15 498	15 514	15 367	15 176	15 350	15 987	16 440
21 PAPIRMASSE, PAPIR OG PAPIRVARER .....	9 897	9 547	8 885	8 774	8 456	8 266	7 914	7 449	6 738	6 169
22 FORLAGSVERKSEMD, GRAFISK PRODUKSJON MV. .....	39 944	36 920	35 894	34 262	32 900	31 004	29 618	25 659	25 604	25 194
23-24 PETROLEUMS- OG KJEMISKE PRODUKT .....	15 083	15 186	14 620	13 664	13 673	14 160	14 116	14 689	15 116	14 849
23-24.1 Petroleumsprudukt og kjemiske råvarer .....	9 167	9 020	8 778	7 821	7 753	8 105	8 468	9 130	9 360	9 111
24.2-7 Kjemiske produkt elles .....	5 916	6 166	5 842	5 843	5 920	6 055	5 648	5 559	5 756	5 738
25 GUMMI- OG PLASTPRODUKT .....	7 200	6 897	6 823	6 183	5 898	5 902	5 558	5 375	5 402	5 698
26 ANDRE IKKJE-METALLHALDIGE MINERALPRODUKT .....	10 455	10 220	9 804	9 602	10 187	10 037	9 870	10 315	10 698	10 915
27 METALLINDUSTRI .....	14 768	14 036	13 922	13 523	12 496	13 703	12 791	12 053	12 143	11 848
28 METALLVARER, UNNATEKE MASKINAR OG UTSTYR .....	22 086	21 989	21 354	21 325	21 715	20 521	20 032	20 062	21 741	23 383
29 MASKINAR OG UTSTYR .....	26 003	24 959	24 953	24 310	24 052	23 197	22 536	23 571	23 887	26 102
30-33 ELEKTROTEKNISK OG OPTISK INDUSTRI .....	22 538	23 254	21 882	21 288	20 941	19 131	18 316	18 597	19 474	20 176
30 Kontor- og datamaskinar .....	883	1 224	621	504	424	244	181	188	167	120
31 Andre elektriske maskinar og apparat .....	10 688	10 793	9 322	8 368	7 996	7 515	7 363	7 527	7 779	8 031
32 Radio-, fjernsyns- o.a. kommunikasjonsutstyr .....	4 619	4 599	5 449	6 167	5 643	4 576	4 041	3 936	3 979	4 079
33 Medisinske, presisjons- og optiske instrument .....	6 348	6 638	6 490	6 249	6 878	6 796	6 731	6 946	7 549	7 946
35.114/5 OLJEPLATTFORMER .....	21 008	22 418	19 693	18 704	19 251	17 965	18 067	18 017	20 614	22 093
34-35(-35.114/5)										
TRANSPORTMIDDEL .....	21 729	21 490	20 748	21 116	20 921	17 995	16 089	16 678	19 857	21 512
34 Motorkjøretøy, tilhengarar og delar .....	4 772	5 443	5 653	5 721	5 686	5 197	4 899	4 796	4 640	4 783
35(-35.114/5) Andre transportmiddel ...	16 957	16 047	15 095	15 395	15 235	12 798	11 190	11 882	15 217	16 729
36-37 ANNA										
INDUSTRIPRODUKSJON .....	16 617	15 690	15 875	14 302	13 248	12 505	12 164	12 017	12 095	12 189
36 Møbler og anna industriproduksjon .....	15 598	14 628	14 341	13 245	12 266	11 525	11 145	10 837	10 814	10 775
37 Gjenvinning .....	1 019	1 062	1 534	1 057	982	980	1 019	1 180	1 281	1 414

## 3. Hovedtal for bedrifter etter næring.1998-2007

	Bedrifter	Sysselsette	Lønns-kostnader	Produksjonsverdi	Tilarbeidingsverdi	Brutto-investering
					Marknads-prisar	Faktor-prisar
Millionar kroner						
<b>10,12-37 INDUSTRI OG BERGVERK</b>						
1998 .....	22 072	311 762	93 457	469 127	136 932	131 192
1999 .....	21 131	305 763	94 967	477 004	142 806	135 404
2000 .....	22 283	296 212	97 571	500 978	148 884	140 946
2001 .....	21 957	287 835	99 898	514 863	153 907	144 440
2002 .....	22 610	284 046	102 815	502 569	153 800	144 055
2003 .....	21 809	273 177	101 513	501 474	161 835	151 536
2004 .....	21 681	263 855	104 595	547 659	174 453	164 122
2005 .....	21 171	259 653	110 865	603 617	185 531	174 953
2006 .....	20 879	269 053	123 789	703 499	209 115	199 198
2007 .....	19 819	275 944	134 846	797 280	216 197	206 904
<b>10,12-14 BERGVERK</b>						
1998 .....	664	4 346	1 322	5 967	2 090	2 158
1999 .....	667	4 215	1 264	6 149	2 374	2 378
2000 .....	706	4 095	1 350	6 370	2 411	2 414
2001 .....	695	4 228	1 501	7 286	2 867	2 869
2002 .....	726	4 238	1 552	7 348	3 062	3 063
2003 .....	714	4 115	1 559	7 588	2 844	2 843
2004 .....	712	4 144	1 807	8 624	3 453	3 448
